

● – Eit trumfkort i debatten om korleis vi skal utvikle nye Ålesund

# Haram vann gjev kåring

Då den splitter nye prisen blei delt ut, vart Haram utropt som nummer éin.

Haram kommune er kåra til beste vertskapskommune for næringslivet. NHO og KS har i fellesskap valt ut vinnaren. Dette er første gong dei deler ut prisen.

– Det å bli sett og anerkjent som nummer éin i rekka, det er utruleg stas, seier ordførar Vebjørn Krogsæter (Sp) til Sunnmørsposten.

## ●● Utruleg stas

Vebjørn Krogsæter

Haram gjekk til topps i klassen «små kommunar», i konkurranse med Rauma og med Sande i Vestfold. I klassen «store kommunar» vann Stavanger.

Prisen vart delt ut under Kommunalpolitisk Toppmøte i Oslo i går.

– Dette kjenner vi som ei anerkjenning på eit svært langsiktig arbeid, og ein strategi som er lagt lokalt, seier Krogsæter.

## Tillit i skiftande konjunkturar

– Haram har jobba offensivt, systematisk og målretta med næringsutvikling gjennom 25 år, og trekt næringslivet inn i



**LANDETS BESTE:** Haram er kåra til landets beste vertskapskommune for næringslivet, i klassen «små kommunar». FOTO: GEIR STRAND

kommunen sitt strategiarbeid heilt sidan 90-talet.

Dette har resultert i ein modell for samarbeid mellom kommunen, skulane og næringslivet som har resultert i så stor tillit at samarbeidet har overlevd skiftande konjunkturar og aukande internasjonalt eigarskap i det lokale næringslivet,

uttalar juryen.

## Modell for nye Ålesund?

Det er vedtatt at denne Haram-modellen skal leggst til grunn for næringsssamarbeidet i nye Ålesund. Eit vedtak gjeld berre inntil eit nytt vedtak er gjort, men Krogsæter er sikrare enn nokon gong på at intensjonsavtalen er mykje verd:

– Denne prisen er eit trumfkort i debatten om korleis vi skal utvikle nye Ålesund. No gjeld det å informere politikarar som ikkje er så godt kjend med denne måten å jobbe på, seier Krogsæter.

Kjernen i modellen er å finne samarbeidsområda mellom kommunen og næringslivet, kommunen og skulane og kom-

munen og samfunnet elles.

– Det gjeld å finne dei områda vi har felles interesse og felles mål, og bygge tillit. Om vi ikkje lukkast med å vere attraktive for næringslivet, så lukkast vi ikkje med dei andre oppgåvene våre, seier Haram-ordføraren.

**PER OVE STIGE**  
per.ove.stige@smp.no